Utdanningsdirektoratet

Eksamen

03.06.2008

REA3015 Informasjonsteknologi 2
Elevar/Elever, Privatistar/Privatister

Nynorsk/Bokmål

Nynorsk

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid:	5 timar
Hjelpemiddel:	Alle hjelpemiddel er tillatne. Unntak er Internett og andre verktøy som tillet kommunikasjon.
Bruk av kjelder:	Alle kjelder som vert nytta til eksamen, direkte eller indirekte, skal oppgjevast på ein slik måte at lesaren kan finne fram til kjelda. Dersom du har med deg utskrift eller sitat frå nettsider, skal adresse og dato for nedlasting oppgjevast.
Vedlegg:	1. Opningsside frå Ellos 2. Produktside frå Ellos
Informasjon om oppgåva:	Oppgåva har fire delspørsmål. Du skal svare på alle. I tillegg til elektronisk levering av svaret på oppgåva skal du levere utskrift av dei programmerte kodane og eventuelle presiseringar.

Situasjonsbeskriving

Om ikkje alle unge er besette av trongen til å shoppe, har vel dei fleste hengande ein del klede i skapet som er like fine, men som ein kanskje er ein smule lei av.

Eit par gode venner kom på at det vel burde vere mogleg å omsetje desse overskottslagra. Om eigarane sjølv er leie av kleda, finst det kanskje andre som kunne tenkje seg dei – i alle fall for ein periode, og så selje dei vidare igjen. Vennene har etablert eit lite utsalslokale i byen sin og har drive noko sal over disk der.

Omsetninga ser ut til å vere såpass bra at dei finn det verdt å satse vidare på denne ideen. Dei ønskjer å prøve å auke omsetninga gjennom internettsal, og vil derfor ha utvikla ein nettstad med varepresentasjon og nettbutikk.

Venneparet har sett på ulike nettstader der det blir tilbode klede, og vil gjerne få utvikla ein nettstad som innrettar seg etter formatet til nettstader som for eksempel ellos.no

I vedleggsdelen finn du utskrift av to skjermbilete frå ellos.no.

Oppgåve

NB: I denne oppgåva blir du beden om å arbeide med delar av eit større system. Du skal ikkje utvikle/levere heile systemet, men berre svare på delspørsmåla.

1 Vel ut 3 bilete og rediger dei slik at dei er tilpassa til bruk på ei nettside gjennom fornuftige val av filtype, filstorleik, fargetype og komprimering. Bileta skal ha eit format som bileta i vedlegg 2 frå ellos.no, det vil seie ei breidd på 152 pikslar og ei høgd på 220 pikslar. Gjer greie for dei vala du har gjort. Kvart bilete kan vere maks 70 kb.

2 Lag ein multimediepresentasjon som skal kunne liggje på opningssida til nettstaden, slik presentasjonen *Se de siste trendene* i vedlegg 1 frå ellos.no gjer. Presentasjonen skal ha eit format på 760 x 390 pikslar. Applikasjonen skal presentere butikken / nokre fine klede gjennom tekstar, foto og/eller filmklipp. Det skal ikkje nødvendigvis vere klede som er til sals for augeblikket. Applikasjonen skal meir vere som ein reklameapplikasjon for butikken. Bruk foto og/eller filmklipp du skaffa deg i førebuingsdelen. Presentasjonen kan vere maks 2 mb.

3 Skriv ein programkode for ein rutine der ein brukar på nett skal kunne bestille eit valfritt tal klesplagg som er lagde ut for sal. Dersom kunden handlar for meir enn 1000 kr, skal han/ho kunne få eit valfritt plagg for halv pris. Rutinen skal skrive ei ordrestadfesting og den samla prisen for ordren på skjermen. Du treng ikkje programmere løysinga for å sende bestillinga til butikken, men den programmerte rutinen skal sjekke at kunden har bestilt minst eitt plagg, og oppgitt namn og adresse på seg sjølv. Legg inn eigne føresetnader for programkoden om du meiner det er nødvendig.

4 Utviklinga av nettstaden og nettbutikken vil krevje eit noko større utviklingsarbeid. Beskriv utviklingsprosessen for ei slik utvikling, og lag dei plandokumenta du meiner bør utviklast.

I tillegg til elektronisk levering av svaret på oppgåva skal du levere utskrift av dei programmerte kodane og eventuelle presiseringar.

Bokmål

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid:	5 timer
Hjelpemidler:	Alle hjelpemidler er tillatt. Unntak er Internett og andre verktøy som tillater kommunikasjon.
Bruk av kilder:	Alle kilder som blir brukt til eksamen, direkte eller indirekte, skal oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til kilden. Dersom du har med deg utskrift eller sitat fra nettsider skal adresse og nedlastingsdato oppgis.
Vedlegg:	1 Åpningsside fra Ellos 2 Produktside fra Ellos
Informasjon om oppgaven:	Oppgaven har 4 delspørsmål. Du skal svare på alle. I tillegg til elektronisk levering av besvarelsen skal du levere utskrift av de programmerte kodene og eventuelle presiseringer.

Situasjonsbeskrivelse

Om ikke alle unge er besatt av trangen til å shoppe, har vel de fleste hengende en del klær i skapet som er like fine, men som man kanskje er en smule lei av.

Et par gode venner kom på at det vel burde være mulig å omsette disse overskuddslagrene. Om eierne selv er lei av klærne, finnes det kanskje andre som kunne tenke seg dem – i alle fall for en periode, og så selge dem videre igjen. Vennene har etablert et lite utsalgslokale i byen sin og har drevet noe salg over disk der.

Omsetningen ser ut til å være såpass bra at de finner det verdt å satse videre på denne ideen. De ønsker å prøve å øke omsetningen gjennom internettsalg, og vil derfor ha utviklet et nettsted med varepresentasjon og nettbutikk.

Venneparet har sett på ulike nettsteder der klær tilbys, og vil gjerne få utviklet et nettsted som innretter seg etter formatet til nettsteder som for eksempel ellos.no

I vedleggsdelen finner du utskrift av to skjermbilder fra ellos.no.

Oppgave

NB: I denne oppgaven blir du bedt om å arbeide med deler av et større system. Du skal ikke utvikle/levere hele systemet, men bare besvare delspørsmålene.

1 Velg ut 3 bilder og rediger dem slik at de er tilpasset til bruk på en nettside gjennom fornuftige valg av filtype, filstørrelse, fargetype og komprimering. Bildene skal ha et format som bildene i vedlegg 2 fra ellos.no, det vil si en bredde på 152 piksler og en høyde på 220 piksler. Gjør rede for de valgene du har gjort. Hvert bilde kan være maks 70 kb.

2 Lag en multimediepresentasjon som skal kunne ligge på åpningssiden til nettstedet, slik presentasjonen *Se de siste trendene* i vedlegg 1 fra ellos.no gjør. Presentasjonen skal ha et format på 760 x 390 piksler. Applikasjonen skal presentere butikken / noen fine klær gjennom tekster, fotoer og/eller filmklipp. Det skal ikke nødvendigvis være klær som er til salgs for øyeblikket. Applikasjonen skal mer være som en reklameapplikasjon for butikken. Bruk fotoer og/eller filmklipp du skaffet deg i forberedelsesdelen. Presentasjonen kan være maks 2 mb.

3 Skriv en programkode for en rutine der en bruker på nett skal kunne bestille et valgfritt antall klesplagg som er lagt ut for salg. Dersom kunden handler for mer enn 1000 kr, skal han/hun kunne få et valgfritt plagg for halv pris. Rutinen skal skrive en ordrebekreftelse og den samlede prisen for ordren på skjermen. Du trenger ikke programmere løsningen for å sende bestillingen til butikken, men den programmerte rutinen skal sjekke at kunden har bestilt minst ett plagg, og oppgitt navn og adresse på seg selv. Legg inn egne forutsetninger for programkoden om du mener det er nødvendig.

4 Utviklingen av nettstedet og nettbutikken vil kreve et noe større utviklingsarbeid. Beskriv utviklingsprosessen for en slik utvikling, og lag de plandokumentene du mener bør utvikles.

I tillegg til elektronisk levering av besvarelsen skal du levere utskrift av de programmerte kodene og eventuelle presiseringer.

Vedlegg 1: Åpningsside fra Ellos



Vedlegg 2: Produktside fra Ellos



Kolstadgata 1
Postboks 2924 Tøyen
0608 OSLO
Telefon 23 30 12 00
Telefaks 23 30 12 99
www.utdanningsdirektoratet.no

Utdanningsdirektoratet